

KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

Årsrapport 2019



Det var journalist Kjersti Mjør i Bergens Tidende som fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2019. Juryen fekk inn 23 framlegg til prisvinnarar.

- Språket til Kjersti Mjør er klart og presist. Ho kan få fram dramatik og kjensler utan store ord og utbroderingar. Setningane er ofte korthogde og med litterære kvalitetar. Nå du les ei langsak av Mjør, kan det kjennast som å lese ein liten roman, heiter det i juryen si grunngjeving for prisen. Han vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 14. juni.

- Takk, Ivar Aasen, sa prisvinnaren.

Magni Øvrebotten

19.09.2019

- Takk, Ivar Aasen

Den fyrste prisvinnar Kjersti Mjør takka då ho fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2019 var Ivar Aasen. Ho takka han for å ha gjeve oss vårt eige språk å skriva på.

– Eg er stolt av å stå i ein tradisjon av kvinner og menn som heilt sidan Vinje har skildra og rapportert frå samfunn, politikk, økonomi – frå kvardagane våre – på nynorsk, sa Kjersti Mjør i takketalen sin.

Etter at Kjersti Mjør hadde høyrte grunngjevinga til juryen sa ho med Ivar Aasen: «Han skal ikkje rosa seg sjølv, han som god ros vil ha». – Så rause ord kan bli reint for mykje for ein harding, men samtidig er det fantastisk å bokstaveleg bli sett pris på i kvardagsstrevet. Det er ikkje alle forunt, og eg kjenner meg velsigna, sa Mjør.

Når du får ein slik pris må du drive litt sjølvransaking, meinte Mjør, og vedgjekk at ho ikkje likte å bli kalla «nynorskjournalist». – Eg identifiserer meg som journalist, ja visst, men i kva grad identifiserer eg meg som *nynorskjournalist*? Motsatsen må då vera bokmålsjournalist, eit ord eg knapt har høyrte i bruk, sa ho og fortalde at når ho har fått andre journalistprisar, så trur folk etter ei tid at det var nynorskprisar ho fekk.

– Sånne som meg vert av og til så tett forbundne med nynorsken, at me blir plasserte i ein eigen bås, der skriftspråket trumfar innhaldet. Og som journalist er ikkje det heilt utan ambivalens. Eg vil formidle på lik linje med dei som skriv bokmål, sa Kjersti Mjør (sjå heile takketalen til slutt i denne årsrapporten),



Leiar for juryen Solveig Barstad og prisvinnar Kjersti Mjør i Aasentunet 14. juni 2019.
Foto: Rune Fossum Lillesvangstu/NRK Nynorsk mediesenter.

Fortent pris

I grunngjevinga for prisen heiter det at sakene til Mjør er prega av stor varme for menneske, nysgjerrigheit og humor. Språket hennar er klart og presist. Eit særleg

kjenneteikn er at ho går djupt inn i historiene sine og stiller viktige spørsmål. Der andre journalistar stoppar når aktualiteten har gitt seg, har ho fleire gonger gått vidare og utforska historia bak historia. Ho har ei særleg evne til å skildre folka og deira liv og lagnader. – Prisvinnaren er ein av landets beste portrettørar. Vi var ikkje i tvil om at Mjør fortener akkurat denne prisen, sa juryleiar Solveig Barstad. Prisen er på 50.000 kroner, diplom og eit kunstverk. Mjør fekk trykket «Evas slanger» av Oddvar Torsheim.

Føremålet med Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er å fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. I år var det 23 nominerte journalistar. I juryen sit Solveig Barstad, Inger Johanne Sæterbakk og Øystein A. Vangnes.



Juryen Øystein A. Vangnes, Solveig Barstad og Inger Johanne Sæterbakk.
Foto: Adam Pietrzak/NRK.

Juryen si fråsegn:

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar 2019 til Kjersti Mjør

Kjersti Mjør har ei særeigen journalistisk stemme som har sett sterkt preg på Bergens Tidende gjennom mange år. Sakene hennar er prega av stor varme for menneske, nysgjerrigheit og humor.

Språket til Kjersti Mjør er klart og presist. Ho kan få fram dramatikk og kjensler utan store ord og utbroderingar. Setningane er ofte korthogde med litterære kvalitetar. Når du les ei langsak av Mjør, kan det kjennest som å lese ein liten roman.

Eit særleg kjennemerke ved Mjørs journalistikk er at ho går djupt inn i historiene sine og stiller viktige spørsmål. Der andre journalistar stoppar når aktualiteten har gitt seg, har ho fleire gonger gått vidare og utforska historia bak historia. Ho har ei særleg evne til å skildre folka og deira liv og lagnader.

Prisvinnaren er ein av landets beste portrettørar. Det viste seg ikkje minst gjennom podcast-serien «Dei 15 mest vestlandske vestlendingane» som BT

hadde i fjor. Fleire har vore involverte i prosjektet, men det har eit sterkt avtrykk av Kjersti Mjørs journalistikk. Humor, varme og djupne pregar intervjuet.

Ingen skildrar vestnorsk liv som Kjersti Mjør. Ho får tagale hardingar i tale. Ho får tytete bergensarar til å tenkje. Og etterpå skaper ho ordkunst av det ho finn og gjer historiene nære og relevante for alle.

Kjersti Mjør (1965) kjem frå Kvanndal i Granvin. Frå 1989 til 1997 arbeidde ho i NRK Sogn og Fjordane, NRK Hordaland og NRK P2. Ho har no vore journalist i Bergens Tidende i over 20 år.

Førde 6. mai 2019.

Solveig Barstad, leiar for juryen
Inger Johanne Sæterbakk
og Øystein A. Vangsnes



Foto: Paul Sigve Amundsen

Takketalen til Kjersti Mjør

Når eg høyrer grunngjevinga til juryen, må eg seia som Ivar Aasen: “Han skal ikkje rosa seg sjølv, som god ros vil ha.” Så rause ord kan bli reint for mykje for ein harding, men samtidig er det fantastisk å bokstaveleg bli sett pris på i kvardagsstrevet. Det er ikkje alle forunt, og eg kjenner meg velsigna.

Men som mottakar av Kulturdepartementet sin pris for nynorskjournalistar, må eg driva litt sjølvransaking. Eg identifiserer meg som journalist, ja visst, men i kva grad identifiserer eg meg som nynorskjournalist? Motsatsen må då vera bokmålsjournalist, eit ord eg knapt har høyrte i bruk, men eg er klar over at ein del tenkjer på meg som nettopp nynorskjournalist.

Eg har (dette er vel ikkje dagen for å vera beskjeden) fått eit par journalistprisar før. Det har ikkje vore nynorskprisar, og det har eg faktisk vore ganske fornøgd med: At sjølv om eg skriv nynorsk og tilhøyrer mindretalet, kan både språket mitt og eg vera konkurransedyktige i møte med majoriteten, journalistar som skriv bokmål. Men så går det litt tid, folk hugsar ikkje heilt kva pris det var, og rett ofte har eg fått høyra at “du fekk jo ein sånn nynorskpris, du”. Sånne som meg blir av

og til så tett forbundne med nynorsken, at me blir plasserte i ein eigen bås, der skriftspråket trumfar innhaldet.

For ein journalist er ikkje det heilt utan ambivalens.

Som ho ein gong sa, den gode Linda Eide, er det så mykje pisking og raudpennar i nynorskverda, og ofte slik mangel på kjærleik frå utomverda, at ein nynorskjournalist kan få lyst til å slengja seg på bokmålstoget. Dura fram på skinnene, konsentrera seg om saka, avsløringane, vinklingane; alt dette som tilhører journalistikken, og ikkje norsktimane eller målstriden.

Linda har også ramsa opp ein del ord som ikkje akkurat gjer livet som nynorskreporter meir saumlaust - som eteforstyrning, hjerneseking og vasshovud. Det siste har eg gudskjelov aldri skrive ei sak om!

Til og med namnet på fedrelandet, sjølv symbolot på det tospråklege landet, kan gjera dei beste blant oss schizofrene:

Noreg eller Norge?

På nynorsk er berre Noreg lov, men Ingvild Bryn, profilert nynorsking i NRK, kjende sterk dragning mot Norge. Då ho jobba som korrespondent i USA, tenkte ho at no var ho så langt heimefrå at ho kunne drista seg til å seia Norge. Og det gjorde ho, heilt til NRK-veteranen Olga Meyer ringde og sa at Bryn skuffa henne ved å ikkje seia Noreg. Etter kvart slo Ingvild Bryn seg til ro med at den aldrande Olga sikkert hadde gått og lagt seg før Kveldsnytt, så ho sa Noreg i Dagsrevyen og Norge i Kveldsnytt. Det skal leggjast til Ingvild i dag er konsekvent og seier Noreg.

Eg er ingen nynorsk helgen. Eg har vore utru mot rettskrivingsnorma, gått i kompaniskap med Djevelen. Eg har tenkt som så at eg har lært to språk, at dei ligg i verktøykassen min, og at nokre gonger er det heilt ålreit å skifta stove - ei lita stund. Eg har innimellom funne det lettare å sitera riksmålstalende erkebergensarar på bokmål, deira eige språk. Og når du sit der på BT-desken og skal levera i full fart, må eg innrømme at det av og til, avhengig av kjeldene, kan gå kjappare på bokmål.

Du kan ikkje på same måte kan gå på autopilot på nynorsk. Flosklar og vendingar du fort slepp unna med på bokmål, blir oftare avslørte på nynorsk og ser litt flaut, ja, kleint ut. Kanskje kan ein seia at det nynorske mediespråket er meir transparent. Kanskje blir det betre, fordi det krev meir arbeid og tanke å skriva god nynorsk, iallfall for meg.

Det er så mange val å ta, så mange bøyingsformer å velja mellom. Eg er glad for valfridomen, men samtidig er det ein tankekross at også eg, som etter kvart burde kunna kalla meg profesjonell nynorsking, slår opp og slår opp heile tida.

“Ein ser best med sine egne augo”, sa Ivar Aasen, når det nynorske nyheitsspråket er på sitt beste, er det aktivt og konkret, eintydig og rett på sak, og gjerne korthogd, spør du meg.

Som journalist som skriv på nynorsk - ja, det er det eg vil kalla meg - fortolkar eg verda gjennom språket eg uttrykkjer meg på, og der leitar eg etter ei røyst som er mi eiga. Ingenting slår å kyssa med si eiga tunge, og eg utruleg takknemleg overfor han som gav oss vårt eige språk, så først på takkelista står Ivar Aasen. Takk, Ivar!

Og tusen takk til Kulturdepartementet som deler ut ein pris som synleggjer nynorsken som mediespråk, det er viktig, og det tvingar oss til å reflektera over kva er det er med dette språket vårt. Takk til NRK, som oppretta ei ordning for nynorskpraktikantar, slik at eg fekk foten innanfor dørsprekken. Takk til arbeidsplassen min Bergens Tidende, eit både tradisjonsrikt og moderne mediehus, der journalistane får uttrykkja seg på det språket me vil.

Tusen takk til juryen, som meiner at eg er ein verdig vinnar av ein så gjev pris. Det gjer meg audmjuk, og aller mest stolt! Stolt av å stå i ein tradisjon av kvinner og menn som heilt sidan Vinje har skildra og rapportert frå samfunn, politikk, økonomi - frå kvardagane våre - på nynorsk.